



## EKSAMENSOPPGÅVE

**JUS2211 – Forvaltningsrett og EØS-rett**

**Haust 2022**

Dato: 22.12.22

Tid: 09.00

---

### Del I

Grusby er kommunesenteret i Lillevik kommune. Innbyggjartalet i Grusby er i sterk vekst, mellom anna på grunn av ei vellykka næringsutvikling og ein aktiv fortettingspolitikk i regionen. Frå å vera ein liten stasjonsby, har Grusby no fått bystatus. Serveringsstaden "The Broker" ligg på eit hjørne i sentrum ut mot Gruselva. Det svenske selskapet Golden Brokers AB eig og driv The Broker. Staden har tradisjonar attende til 1990-talet og sel enkle matrettar som lasagne og pytt i panne.

Hovudinntekta til The Broker kjem frå sal av alkoholhaldig drikke. Folk i Grusby omtalar staden som Brokkenhjørnet.

Marte Kirkerud er gruppeleiar for Arbeidarpartiet i kommunestyret i Lillevik og leiar òg næringsutvalet i kommunen. Hennar kjernesak er modernisering av Grusby. Ho vil ha bort det slitne preget av alkoholisererte gamlingar i bybiletet og gjera sentrumsområda om til attraktive arenaer. I valkampen markerte ho seg med slagordet "Grusby - så mykje meir enn Brokkenhjørnet". Det kunne ikkje stikkast under stolen at ho håpa å mobilisere veljarar mellom dei yngre og nyinnflyttarane i det kommande kommunevalet.

Gjennom vervet som folkevald har Marte vorte godt kjent med Peder Ås, som er nærings sjef i kommunen. Han leiar næringsseksjonen i administrasjonen, inngår i kommunedirektøren si leiargruppe og er ofte med frå administrasjonen når folkevalde organ handsamar saker innanfor ansvarsområdet til næringsseksjonen. For om lag eitt år sidan vart det klart for Marte og Peder at det som hadde vore ein reint profesjonell relasjon, hadde vorte personleg. Dei var begge frie og franke og vart samde om at dette var ein romanse av dei sjeldne, som dei gjerne ville satse på. Etter kvart var dei saman det meste av fritida, men i fyrste omgang ville dei vente med å fortelja noko til omverda.



Peder Ås var ikkje sjølv partipolitisk aktiv, og han deltok ikkje på nokon måte i valkampaktivitetar. Samstundes merka han sjølv sagt at valkampen gav Marte nokre svært hektiske veker med opp- og nedturar, og han var fascinert av det sterke engasjementet hennar.

Ein måned før valet gjennomførte næringsseksjonen ein kontroll i Grusby. Då la dei merke til at kundar på Brokkenhjørnet tok med seg halvliteren ut av lokalet og sette seg i skuggen under nokre tre ved Gruselva. The Broker hadde alt fått 11 prikkar dei siste 18 månadane, jf. alkoholforskrifta kapittel 10. Med grunnlag i dette utarbeidde Peder Ås ei sak om inndraging av skjenkeløyvet til The Broker for ei veke, jf. alkoholforskrifta §§ 10-2 og 10-3 fjerde ledd

Næringsutvalet, som hadde vedtakskompetanse i inndragingssaker, gjorde vedtak i samsvar med innstillinga. Av dei 12 medlemmane i utvalet røysta leiaren Marte og 8 andre medlemmar for, medan 3 røysta mot.

Helle Skjenker var dagleg leiar på The Broker. Ved disken på Brokkenhjørnet fekk ho ofte høyre litt av kvart, og no hadde rykta om eit forhold mellom Marte Kirkerud og Peder Ås byrja å gå.

Golden Brokers AB klaga til statsforvaltaren og hevda at vedtaket om inndraging av skjenkeløyvet var ugyldig av di det mangla lovheimel, det var ein uproposjonal (uforholdsmessig) restriksjon på etableringsfridomen, og det var gjort sakshandsamingsfeil.

*Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla oppgåva reiser. Tilhøvet til tenestelova og tenestedirektivet skal ikkje omtalast.*

## **Del II**

The Broker hadde slite ein periode, og inndraginga av skjenkeløyvet vart nådestøytet. Etter kort tid vart lokalet ståande tomt. Det var stor aktivitet i bustadmarknaden i Grusby, og eigedomsmeklarfirmaet Smartmeklaren ville etablere eit kontor der. Brokkenhjørnet var ein indrefilet i sentrum, og då lokalet vart ledig, kjøpte Smartmeklaren bygget. Men i reguleringsplanen for området var lokalet regulert til "servering", og Smartmeklaren søkte difor kommunen om dispensasjon frå reguleringsplanen, jf. plan- og bygningslova §§ 19-1 og 19-2.



Vedtakskompetansen i dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova var lagt til planutvalet i kommunen. Kommunedirektøren hadde innstilt på å avslå dispensasjonssøknaden, men etter ein hard politisk diskusjon vedtok fleirtalet i planutvalet å gje dispensasjon. Utvalet si grunngjeving for vedtaket var at det ville vera fint for den vidare utviklina i kommunen å få ein eigendomsmeklar i Grusby, og at etableringa ville innebera ei fornying av området ved Brokkehjørnet.

Grethe Gram budde rett over gata for Brokkehjørnet, og ho vart forferda over dette vedtaket.

Kvardagen hennar hadde vorte heilt endra etter at lokalet vart ståande tomt. Medan Brokkehjørnet tidlegare var lyst, folksamt og triveleg, var det no mørkt og stille på kveldstid. Ho arbeidde ofte seint og tykte at vegen heim no hadde vorte mørk og trist. Vidare frykta ho auka kriminalitet. Med meklarverksemd i lokalet, ville området framleis vera daudt på kveldstid.

Grethe Gram klaga til statsforvalteren, som tok klaga til handsaming. Ved denne handsaminga omgjorde dei vedtaket til kommunen og avslo dispensasjonssøknaden ved å vise til at vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 andre ledd ikkje var oppfylte. Det vart framheva av statsforvaltaren at dispensasjonen ville undergrave målet i planen om å sikre eit levande sentrumsmiljø òg etter arbeidstid.

Smartmeklaren meinte at statsforvaltaren sitt vedtak var ugyldig og gjekk til søksmål mot staten.

Dei hevda at Grethe Gram ikkje hadde klagerett, og at statsforvaltaren ikkje hadde heimel til å gjera om vedtaket. Smartmeklaren viste særleg til at statsforvaltaren var bunde av skjønnsutøvinga til kommunen, og at statsforvaltaren i alle tilfelle hadde plikt til å leggje stor vekt på det kommunale sjølvstyret – noko det ikkje gjekk fram at var gjort.

Smartmeklaren hevda òg at dispensasjonsordninga i realiteten innebar eit krav om løyve for meklarverksemda, og denne måtte praktiserast i tråd med krava i tenestelova § 10 og tenestedirektivet artikkel 9 (1).

Staten argumenterte for at vedtaket til statsforvaltaren var gyldig og rett. Mellom anna hevda staten at dispensasjonsordninga i plan- og bygningslova ikkje var ei løyveordning i tenestelova eller tenestedirektivet sin forstand. Dessutan oppfylte dispensasjonsordninga krava i tenestelova § 10 og tenestedirektivet artikkel 9 (1).

*Drøft og avgjer dei rettslege spørsmåla oppgåva reiser.*



# UNIVERSITETET I OSLO

Oslo, haust 2022

Faglig eksamensleder

Hans Petter Graver